




Meteorologisk  
institutt

# Årsrapport frå Meteorologisk institutt

2015



Sak Prosjekt: Årsrapport 2015 | Ansvarleg divisjon: DirStab| Dato/versjon: 02.02.2016\_nynorsk\_endeleg  
Filnamn: Årsrapport\_nynorsk\_endeleg| Status: Vedteken av Styret 11.02.2016 |

[Skriv inn tekst]

[Skriv inn tekst]

[Skriv inn tekst]

# 1 Innhald

2	Styret sin rapport	6
2.1	Styret si overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for 2015	6
2.2	Kort omtale av dei sentrale forholda, interne og eksterne, som har hatt vesentleg innverknad på oppnådde resultat.	6
2.3	Ei overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for 2016.	7
2.4	Styret si overordna vurdering av verksemda sine moglegheiter og utfordringar framover.	7
3	Introduksjon til verksemda og hovudtal	8
3.1	Instituttet sine føremål	8
3.2	Om instituttet	8
3.2.1	Drift av ishavsstasjonane	9
3.3	Hovudtall frå rekneskapen	9
4	Årets aktivitetar og resultat	10
4.1	Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsla for vêr, hav og miljø.	10
4.2	Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsla for vêr, hav og miljø ved hjelp av kompetansebygging, forskning, teknologi og internasjonalt samarbeid.	18
4.3	Meteorologisk institutt skal vidareutvikle observasjonssystemet sitt for vêrvarslings- og klimaføremål.	29
4.4	Meteorologisk institutt skal betre kunnskapen om dagens klima i Noreg og om klimautviklinga i fortid og framtid.	30
4.5	Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, relevant og tilgjengeleg i all kommunikasjon.	34
4.6	Meteorologisk institutt skal utvikle organisasjon og leiing for å styrke leiarkulturen, samhandlinga og gjennomføringsevna	35
5	Styring og kontroll i verksemda	37
5.1	Rapportering på styring og kontroll i verksemda	37
5.2	Rapportering ut frå diverse lover	37
5.2.1	Likestillingslova	37
5.2.2	Diskrimineringslova om etnisitet og diskrimineringslova om seksuell orientering	40
5.2.3	Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova.	41
5.3	Rapportering på generelle føringar	41
5.3.1	Redusere og fjerne tidstjuvar i statsforvaltinga	41
5.3.2	Auking av talet på lærlingar i statsforvaltinga	41
5.3.3	Brukarorientering	42

5.3.4 Samfunnstryggleik og beredskap	42
5.3.5 Risikovurdering	42
<b>6 Vurdering av framtidsutsikter</b>	<b>44</b>
6.1 Økonomi	44
6.1.1 Observasjonsnett	44
6.1.2 Meteorologi og teknologi	45
6.1.3 Flyvær	45
6.1.4 Yr 46	
6.1.5 Risikovurdering: Vêrtenester, marknad og teknologi i Europa	46
<b>7 Årsrekneskap</b>	<b>48</b>
7.1 Leiingskommentar	

# 1 Samandrag

Meteorologisk institutt (MET) har arbeidd ut frå mål fastsette av Kunnskapsdepartementet for 2015, og i det store og heile nådd krava.

2015 var eit uvanleg år for MET, fordi lågare reduserte løyve, svekka kronekurs og eit dyrt lønsoppgjer sende instituttet ut i sin første store nedbemanningsprosess i løpet av instituttet si 149-årige historie. Dette fell også saman med at teknologien tvingar fram ei generell endring i måten instituttet arbeider på. Med dette som bakgrunn vart det iverksett ein nedbemannings- og omstillingsprosess våren 2015, som, når han er gjennomført, vil ha ført til ei avskaling på i overkant av 10 prosent av instituttet sine medarbeidarar. Trass i denne situasjonen har medarbeidarane på MET lojalt utført arbeidsoppgåvene sine og gjort kva dei kan for at situasjonen ikkje skal gå utover tenesteleveransen. Dette fortener dei all ros for.

Instituttet varsla om ekstreme forhold fem gonger i 2015. Ekstremvêr har fått auka fokus ved instituttet dei siste åra, og eit ekstremvêrvarsel medfører i dag auka bemanning for å hjelpe statlege samarbeidspartnarar, kommunar og samfunnet elles.

For 2015 er kvaliteten på varsla for nedbør og temperatur litt betre eller omtrent som året før, medan kvaliteten for vind har auka. Varselkvaliteten for treårsperioden 2013-2015 er klart betre enn for perioden 2010-2012. Modellane er spesielt analyserte med tanke på ekstremvêr: For parametarar som vind og nedbør (som er knytte til ekstremvêr) er det ei klar betring i løpet av dei siste åra.

Samarbeidet med SMHI (MetCoOp) held fram. I løpet av 2015 fikk SMHI ny tungrekneressurs som saman med norske tungrekneressursar blir brukt i samarbeidet. Samarbeidet aukar den samla kompetansen om modellsystemet og gir meir reknekraft. Dette har medverka til auka kvalitet på vêrvarsla og betre back-up ved feilhendingar.

Instituttet samarbeider med andre samfunnsinstitusjonar om tryggleik og beredskap, og deltek jamleg i øvingar der vêret/meteorologien spelar ei rolle. Instituttet testar dessutan utsleppsmodellane sine jamleg, og vil kunne varsle farlege utslepp til luft og hav i løpet av 30 minutt, så lenge utsleppa kjem frå kjelder som er kjent plasserte.

Den internasjonale bruken av vêrtenesta Yr aukar, og det er no meir enn 50 prosent brukarar utanfor Noreg. Den norske bruken (talet på registrerte IP-adresser) har vorte redusert noko sidan 2012. Tenesta Halo har ca. 3 300 brukarar, fordelt på ca. 30 hovudbrukargrupper i tillegg til ca. 80 kommunar. Dette er ein auke på

rundt 1300 brukarar sidan i fjor. Rundt 53 prosent er nøgde med Halo, noko som tilseier at ein må arbeide vidare med tenesta, og dette arbeidet er i gang.

Automatiseringa innanfor observasjonsnettet går framover i planlagt takt. Den økonomiske situasjonen tilseier likevel at viss MET må velje mellom vedlikehald av eksisterande infrastruktur og bygging av ny (særleg aktuelt for vêrradarnettverket), er det vedlikehald som må prioriterast.

Også arbeidet med Klimaservicesenteret går framover. KSS' webportal *klimaservicesenter.no* opna hausten 2015, og skal vere ein brukarvenleg kanal for relevant informasjon for klimatilpassing. Ein omfattande klimarapport («Klima i Norge 2100») som gir et oppdatert kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i Noreg vart publisert hausten 2015. MET hadde hovudforfattaren på rapporten.

## 2 Styret sin rapport

### 2.1 Styret si overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for 2015

Meteorologisk institutt endra styresamansettinga i 2015. Styret for Meteorologisk institutt i perioden 2015 – 2018 er sett saman slik:

- Knut Fægri, viserektor, Universitetet i Oslo (leiar)
- Ole Arve Misund, direktør Universitetssenteret på Svalbard UNIS
- Astrid Læg Reid, professor NTNU
- Gerd Halmø, manager environment, OLF
- Guro Andersen, seniorrådgjevar DSB
- Unni Orten Thomsen, statsmeteorolog (tilsettrepresentant)
- Jürgen Schultze, sjefingeniør (tilsettrepresentant)

I kraft av å vere første numeriske varamedlem har også Eystein Jansen, forskingsleiar og professor i klimaforskning ved Bjerknessenteret, møtt fast i styret.

Styret er nøgd med arbeidet som er nedlagt på Meteorologisk institutt i 2015. Som denne årsrapporten viser, har instituttet oppnådd dei fleste måla som er sette for 2015, og har gode grunngevingar i dei tilfella måla ikkje er nådde. Styret reknar økonomistyringa ved MET som god.

Tilhøva for dei meteorologiske institutta i Europa er i endring, og MET arbeider godt og framtidsretta for å tilpasse seg ei ny tid. Dette viser seg både i korleis instituttet tolkar statsoppdraget og møter samfunnet, og korleis det tek i bruk ny teknologi og vurderer gjeremåla sine.

### 2.2 Kort omtale av dei sentrale forholda, interne og eksterne, som har hatt vesentleg innverknad på oppnådde resultat.

I 2015 starta MET ei omorganisering av varslingsstenesta. Allmennvêrvarslinga og militær og sivil flyvêrvarsling blir samkøyrd for heile landet i vesentleg større grad enn tidlegare. Implementeringa av den nye organiseringa vil pågå i 2016. Andøya vêrtenestekontor vart lagt ned ved årsskiftet, og nattenesta på Bardufoss vêrtenestekontor vart avslutta.

MET sine økonomiske rammer er også stramme. Ein vesentleg del av løyvinga må disponerast til investeringar og drift av observasjonsnett og teknisk infrastruktur. Dette medfører at bemanninga ved MET må reduserast. Som ein del av omstillinga er bemanninga redusert med om lag 50 årsverk i 2015, noko som er i overkant av 10 prosent av MET si totale bemanning. Både varslingsstenesta og store delar av verksemda elles ved MET er påverka. Omstillinga har nådd eit punkt der ytterlegare nedbemanning vil føre til vesentleg svekka kvalitet på leveransane frå instituttet. Den økonomiske situasjonen vil framleis ha svært sterkt fokus for styret i 2016 og framover.

Dei totale omstillingskostnadane knytte til omorganiseringa er estimert til totalt 27 mill. kr. Dette inkluderer også omstillingskostnader som følge av nedlegginga av vêrtenestekontoret på Andøya. Omstillingskostnadane er tekne inn i rekneskapen for 2015 og medfører at 2015 blir gjort opp med eit vesentleg underskot (sjå kapittel 7).

### **2.3 Ei overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for 2016.**

Den eksisterande vêrradarparken krev frå no av store beløp i årleg vedlikehald, for å halde ei tilfredsstillande oppetid. I valet mellom å bygge nye eller å vedlikehalde eksisterande installasjonar verkar det mest fornuftig å halde eksisterande installasjonar i drift, framfor å pådra instituttet ytterlegare vedlikehaldsutgifter. Dette inneber ei forseinking i ferdigstillinga av det norske vêrradarnettet.

Reknesamarbeidet mellom MET og SMHI (MetCoop) tilseier at Noreg skal medverke med ny tungreknemaskin i 2017. Då utgår også serviceavtalen på eksisterande tungreknemaskin. Fallet i den norske krona aukar prisen på reknemaskin (som skal betalast i dollar) og stiller aukte krav til behovet for innsparing andre stader på instituttet. Å spare på IT-ressursar verkar vanskeleg, då IT er heilt avgjerande for MET sitt arbeid.

### **2.4 Styret si overordna vurdering av verksemda sine moglegheiter og utfordringar framover.**

Meteorologisk institutt er i omstilling. Instituttet må bringe kostnadar og inntekter i balanse, samtidig som det må gjevast rom for eit forsvarleg investeringsnivå. Utgifter til løn, drift og vedlikehald vil halde fram med å auke, medan løyvingane neppe vil halde same takt. Dette har vore eit incitament for MET til å gjere naudsynte strukturelle endringar i 2015. Samtidig ser styret at slike prosessar kan skade ein djupt vitskapeleg forankra organisasjon, som samtidig er ein driftsorganisasjon som held oppe 365/24/7. Likeleis gir det grunn til uro at prosessen har tappa instituttet for dyktige unge medarbeidarar. Styret vil ha særleg fokus på nettopp dette området i åra som kjem.

Anton Eliassen vil fråtre stillinga si ved utgangen av 2016, etter meir enn 16 år som direktør. Det er styret si plikt å finne fram til og tilsette ein ny direktør som er i stand til å overta instituttet i den situasjonen som er skildra ovanfor. Styret vurderer likevel at store og viktige prosessar vil kunne fullførast under Eliassen si leiing, slik at etterfølgjaren hans vil kunne manøvrere i noko smulare farvatn. Det vil uansett vere styret si oppgåve å hjelpe ny direktør inn i organisasjonen, slik at ho eller han finn plassen sin og kan halde fram arbeidet med å utvikle ein av dei leiande statsinstitusjonane i Noreg.

Oslo, 11. februar 2016

Knut Fægri  
Styreleiar

## 3 Introduksjon til verksemda og hovudtal

### 3.1 Instituttet sine føremål

Vedtektene er fastsette ved kongeleg resolusjon den 9. desember 2005. Instituttet sine faglege oppgåver er oppsummerte i § 1, sitert nedanfor:

#### «§1. Formål

Meteorologisk institutt står for den offentlige meteorologiske teneste for sivile og militære formål. Instituttet skal arbeide for at myndigheter, næringslivet, institusjoner og allmennheten best mulig kan vareta sine interesser for sikring av liv og verdier, for planlegging og for vern av miljøet. Instituttet skal blant annet:

- a) utarbeide værvarsler
- b) studere Norges klima og gi klimatologiske utredninger
- c) innhente meteorologiske data i Norge, nærliggende havområder og på Svalbard
- d) drive forsknings- og utviklingsarbeid
- e) levere flyværtjenester
- f) formidle resultatene av sitt arbeid
- g) utføre oppdrag og yte spesialtjenester
- h) delta i det internasjonale meteorologiske samarbeid»

### 3.2 Om instituttet

Meteorologisk institutt er eit statlig forvaltingsorgan under Kunnskapsdepartementet. Instituttet vert leia av eit styre. Direktøren har den daglege leiinga av instituttet.

Meteorologisk institutt har hovudkontoret sitt i Oslo og er organisert i tre divisjonar: Meteorologi og klimadivisjonen, FoU- divisjonen og IT-divisjonen. To einingar støttar dessutan direktøren i arbeid hans: Enhet for økonomi og Enhet for organisasjon og samfunn. Vêrvarsel blir sende ut frå vêrvarslingssentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. Verksemda er under omstilling, og nye divisjonar trer i kraft frå 01.01.2016.

Instituttet har omlag 434 årsverk (457 i 2014). 38 prosent av medarbeidarane er kvinner. 34 prosent av medarbeidarane går i turnusteneste, og 53 prosent arbeider i Meteorologi- og klimadivisjonen. Total turnover er 1,8 prosent (0,9 i 2014).

Vêret er ein kritisk faktor i mange samanhengar, og Meteorologisk institutt ser først og fremst verksemda si som ein medverknad til å oppretthalde liv og sikre verdier i kritiske situasjonar. Det er lett å setje likskapsteikn mellom «kritiske situasjonar» og ekstremvêr, men instituttet yter også viktige bidrag i situasjonar med giftige utslepp til luft og hav, ved bergingsaksjonar til havs, og i flaum.- og skredsituasjonar.



### 3.2.1 Drift av ishavsstasjonane

MET si drift av stasjonane på Bjørnøya og Hopen hadde i 2015 ein kostnad på 15,0 mill. kr. Dette inkluderer løn til bemanninga og fortløpande driftskostnader ved stasjonane. Dette er i tråd med budsjettet, og dei årlege kostnadane ligg stabilt på om lag 15 mill. kr. Kostnader knytte til investeringar og teknisk vedlikehald av radiosondane er ikkje inkluderte i talet over, sidan dette er ein del av MET sitt sentrale budsjett for observasjonsnettet.

Tilsvarende kostnad for stasjonen på Jan Mayen var 7,6 mill. kr. Totalt sett utgjør desse tre stasjonane ca. 8 prosent av Meteorologisk institutt si totale driftsløyving.

### 3.3 Hovudtall frå rekneskapen

**2015**

Område	Ressursbruk	%	Årsverk
Statsoppdrag	348 519 570	68,1 %	263
Samfinansiert	78 950 920	15,4 %	82
Flyværtjenesten	52 070 460	10,2 %	61
Oppdrag	9 665 360	1,9 %	10
Kommersielt	22 593 300	4,4 %	18
<b>Totalt</b>	<b>511 799 610</b>	<b>100,0 %</b>	<b>434</b>

Ved utgangen av 2015 hadde MET totalt 434 årsverk. Tilsvarende tal for 2014 var 457. Ressursbruken viser korleis totale løns- og driftskostnader, samt avskrivningar, blir fordelte på dei ulike områda ved MET.

## 4 Årets aktiviteter og resultat

### 4.1 Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsler for vær, hav og miljø.

1) Avvik mellom varselet og observert verdi for vind, nedbør, temperatur og trykk skal minke i perioden 2013-2015.

**Resultat:** 26. mai 2014 vart vêrvarslingsmodellen AROME-MetCoOp teken i bruk som grunnlag for instituttet sine offisielle varsel. Modellen blir brukt i eit operasjonelt samarbeid med SMHI (Sveriges Meteorologiska och Hydrologiska Institut). Ei versjonsoppdatering av AROME-MetCoOp skjedde deretter 8. desember 2014. I tillegg vart det gjort fleire mindre oppgraderingar i løpet av 2015. AROME-MetCoOp skildrar vêrutviklinga med ein geografisk detaljeringsgrad på 2,5 km. Dette gir ei detaljert skildring av fysiske prosessar, spesielt konveksjon og byger, og dessutan av topografi, fysiografi, snødekke, havis og kystlinja.

Vêrvarselet strekker seg 66 timar fram i tid. In situ og fjernmålte vêrobservasjonar inngår i ein dataassimilasjonsrutine for å få best mogleg starttilstand for dei numeriske prognosane. Dette skjer minst fire gonger per døgn, kl. 00, 06, 12 og 18 UTC. AROME-MetCoOp utnyttar stadig fleire observasjonstypar, og i løpet av 2015 er data frå radar, GPS-signal og IASI-måleinstrument om bord i satellittar tekne i bruk. Dei ferdige numeriske prognosane blir vidare korrigererte («postprosesserte») for typiske feil og tilpassa lokale forhold, blant anna ved bruk av lokale observasjonar, brukartilbakemeldingar og dialog med varslingsmeteorologane. Deretter blir resultatata distribuerte til [api.met.no](http://api.met.no) og visualiserte på Yr. Heile produksjonskjeden ut til brukarane av Yr er automatisk og tek i underkant av 2,5 timer.

Sidan Yr starta i 2007 har produksjonskjeden gjennomgått store og små betringar. ECMWF-modellen (16 km geografisk detaljeringsgrad) som driv dei lokale modellane ved MET er betra. Det same gjeld dei lokale modellane ved MET (HIRLAM10 (10 km), HIRLAM8 (8 km), HIRLAM4 (4 km), UM4 (4 km) og AROME (2,5 km)) og med vidareutvikling av postprosessering av modelldata. Det er med jamne mellomrom teke i bruk modell(system) med aukande geografisk detaljeringsgrad. Ein auke av geografisk detaljeringsgrad er heilt avhengig av tilgang på tungreknekraft. Nokre av dei viktigaste endringane er nemnde i gjennomgangen under.


Eitt verifikasjonsmål åleine fortel ikkje alt om varselkvalitet. Det eksisterer derfor mange ulike verifikasjonsmål som fokuserer på ulike eigenskapar i varselet. Vêret kan vere meir eller mindre føreseieleg, og eit varslingsystem kan derfor skåre ulikt for ulike år og periodar; ein sommar med stabile høgtrykk gir betre vêrvarsel enn ein sommar med ustabile bygesystem. I gjennomgangen nedanfor er det derfor brukt ulike mål avhengig av parametarar, kva eigenskapar som blir undersøkte, og for å redusere effekten av ulikt vær. Samanlikningane mellom varsel og observasjonar er gjort for alle tilgjengelige norske observasjonar.

Figurane viser varselkvaliteten på Yr frå juni 2007 og ut 2015.

## Temperatur

Figur 1 viser ein skillskåre for temperatur (Mean Absolute Error Skill Score, MAESS) ved å samanlikne feilen i Yr-varsla med eit referansevarsel. Referansevarselet er eit såkalla persistensvarsel, dvs. dagens observerte temperatur blir brukt til å varsle morgondagens temperatur på same klokkeslett. Samanlikninga med referansevarselet eliminerer (delar av) variasjonane i varselkvalitet pga. vêret sjølv.


Dess høgre verdi MAESS har, dess betre er kvaliteten på varselet. Dei siste åra har kvaliteten auka vesentleg. Modellbetringar og ulike former for postprosessering medverkar til den positive utviklinga. Introduksjonen av eit såkalla kalmanfilter hausten 2010 har gitt det største bidraget. Kvaliteten i 2015 ligg i overkant av kva som er registrert åra før. Fordi historiske observasjonar blir brukt aktivt i varselkorreksjonen, vil kvaliteten vere noko lågare i område langt frå observasjonar.



Figur 1. Mean absolute Error Skill Score (MAESS) for temperatur. Varsla er gyldige første døgn, og resultata er midla over totalt 187 målestasjonar. Svart kurve er ein utjamna versjon av lysegrå kurve. Skåren er positivt orientert, dvs. høgre verdiar tyder betre varsel, og eit perfekt varsel har verdien 1.0.

## Vind


Figur 2 brukar ein såkalla terskelverdiskåre (Equitable threat score, ETS) for å vise kvaliteten av vindvarsla avhengig av vindstyrke. Kvaliteten aukar med aukande skåre. Denne skåren tek ikkje omsyn til varierende vêr, men viser likevel nokre robuste trekk. 2015 er året med best varselkvalitet, med unntak av dei høgste vindklassane. I desse klassane er det likevel relativt få tilfelle, og skåren er derfor svært kjenslevar for enkelthendingar. Dei siste fem åra skårar i ein eigen klasse samanlikna med perioden 2007 til 2010. Dette heng saman med at det vart introdusert statistisk postprosessering av vindstyrke hausten 2011. Fordi modellgrunnlaget og postprosesseringsmetodikken har betra seg, har kvaliteten på varselet auka.



Figur 2. Terskelskåre (ETS) for vindstyrke (maks 10 min middelvind siste time) på yr.no 2007-2015. Varsla er gyldige første døgn, og resultatene er midla over totalt 133 målestasjonar.

### Nedbør


Utviklinga av kvaliteten på nedbørvarsla blir presenterte i to figurar. Figur 3 handlar om varsla nedbør/ikkje-nedbør i løpet av eit døgn. Figuren viser tydeleg at talet på korrekte varsel (grønt + oransje) har auka sidan oppstarten, med maksimum dei siste tre åra. I tillegg er det positivt at dei gongane varsla bommar, har det blitt ein betre balanse mellom varsla nedbør (blått) og varsla opphald (raudt). Denne balansen har likevel dreia noko tilbake i 2015. Om dette er knytt til varselproduksjonen eller vêret i seg sjølv er for tidleg å seie noko om. Det er mange bidrag til den generelle kvalitetsutviklinga, men spesielt introduksjonen av UM-modellen i 2010 og AROME-modellen i 2013 er viktige.



Figur 3. Nedbør/ikkje-nedbør. Figuren viser kor ofte det er varsla opphald og det vart observert opphald (grønt), kor ofte det er varsla nedbør og det er observert nedbør (oransje), kor ofte det er varsla nedbør, men observert opphald (blått) og kor ofte det er varsla opphald, men observert nedbør (raudt). Del av korrekte varsel er altså grønt+oransje, medan delen bomvarsel er blått+raudt. Varsla er gyldige første døgn, og resultatene er midla over totalt 369 målestasjonar.

Figur 4 viser SEEPS-skåren for nedbør. Denne skåren måler kvalitet på heile varselet ved å dele inn i tre kategoriar: Opphald, lett nedbør og mykje nedbør. I denne samanhengen er ikkje mykje nedbør det same som ekstreme nedbørverdiar. Grensene mellom lett og mykje nedbør varierer avhengig av den lokale klimatologien. Skåren er konstruert slik at eit konstant varsel gir verdien 0 (eit varsel utan verdi), medan eit perfekt varsel gir verdien 1.

Etter introduksjonen av finskala-modellen UM4 sommaren 2010 som grunnlag for nedbørvarslinga, ser vi ei klar betring av varsla vinter, vår og haust. Om sommaren er effekten mindre, men dei siste fire årene har det lågaste kvalitetsnivået om sommaren auka år for år. Samanlikna med vêrvarsla frå ECMWF (ikkje vist i figur) er Yr-varsla av lågare kvalitet før juni 2010, men av betre kvalitet etter juni 2010.



Figur 4. Døggnedbør. Stable Equitable Error in Probability Space (SEEPS). Dess større verdi, dess betre varsel. Varsla er gyldige første døgn, og resultatata er midla over totalt 369 målestasjonar.

Den reduserte effekten om sommaren kjem av at sommarnedbør typisk har lita romleg utstrekking. Ein høgoppløyst modell vil simulere variasjonen i eit slikt nedbørfelt betre enn ein grovskalamodell. Samtidig vil ein finskalamodell som simulerer realistisk nedbørvariasjon kunne straffast hardt ved samanlikning mot punktobservasjonar (som vist over). Å plassere nedbøren berre litt feil gir dobbel straff, ved at modellen då bommar på nedbør/ikkje-nedbør to gongar. Grovskalamodellen vil bomme færre gongar, men samtidig innehalde mindre romleg informasjon, fordi han varslar relativt konstant nedbør over fysisk urealistisk store område.

Som følgje av den positive eigenskapen ved finskala-vêrvarslingsmodellar varslar Yr no eit nedbørintervall basert på romleg nedbørvariasjon. Det blir anten varsla opphald, nedbør eller moglegheit for nedbør. Effekten av denne presentasjonen på Yr påverkar likevel ikkje verifikasjonsskårane ovanfor.

**Vurdering:** For 2015 er kvaliteten for nedbør og temperatur litt betre eller omtrent som året før, medan kvaliteten for vind har auka. Varselkvaliteten for treårsperioden 2013-2015 er klart betre enn for perioden 2010-2012. Ser ein det i et lengre perspektiv skjedde det eit taktskifte i

kvalitetsutviklinga i 2010/11 og for parametrar som vind og nedbør som er knytte til ekstremvêr er det ei klar betring i løpet av dei siste åra. Prestasjonskravet er derfor nådd.


### 2) Dokumentere graden av tilgjengelegheit for data og produkt kvar dag heile året.

**Resultat:** Ifølge driftsovervakinga av api som gjer tilgjengelege data og produkt, har tenesta hatt ei oppetid på 99,96 prosent.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

### 3) Dokumentere relevant innhald for offentlege etatar, på Halo.

**Resultat:** Meteorologisk personale har ansvaret for kvaliteten på innhaldet i tenesta, og testing av dette. Fleire betringar er gjort, og produktlista er utvida i 2015, blant anna med høve til å køyre modell for skipsdrift, fleire satellittbilete i polare strøk, fleire radarbilete og iskart:



*Halo: val og visning av diverse iskart.*

Det er lagt til hjelpetekstar (spørsmålsteiknet oppe til høgre på kvart produkt) som medverkar til å gjere tenesta meir brukarvennleg. Brukarane har også høve til å kontakte meteorologar med særleg ansvar for tenestene på Halo. Gjennom dette får vi verdfull informasjon om korleis tenesta fungerer, og dessutan høve til å gi opplæring. Brukarane blir dessutan inviterte til å gi tilbakemeldingar via tilbakemeldingsskjema.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

### 4) Ei kjent brukartilfredsheit på Halo

Talet på halobrukarar er ca. 3 300 fordelt på ca. 30 hovudbrukargrupper i tillegg til ca. 80 kommunar. Dette er ein auke på rundt 1 300 brukarar sidan i fjor. Det var brukarmøte i februar med fokus på kommunar og fylkesmenn, og i oktober med nyttig gjensidig dialog. I tillegg har vi dialog i møte med éi og éi brukargruppe, og dessutan via telefon og e-post.



Frå brukarmøtet ved MET i oktober 2015.

Brukarundersøkinga vart send ut i september med invitasjon via e-post til 2586 brukarar. Svar frå 664 (570 fullført, 94 delvis fullført). Undersøkinga viser at 55,45 prosent brukar Halo dagleg eller vekentleg, og at 52,65 prosent er svært fornøgd eller fornøgd. I tillegg fekk vi verdfull informasjon om kva produkt som blir opplevde som nyttigast og er hyppigast i bruk. Dette viser at Halo har relevant innhald (ref. punktet ovanfor). Vi fekk i tillegg ynske for framtidige prioriteringar som vil medverke til ei framleis relevant teneste.

**Vurdering:** Ei brukartilfredsheit på nær 53 prosent tilseier at betringa av Halo må halde fram, slik at ein større del brukarar seier seg nøgde ved neste måling.

5) Talet på unike brukarar med norsk IP-adresse på vårportalen yr.no ligg på minimum 2012-nivå.

**Resultat:** Den norske bruken av yr.no på desktop er noko i nedgang. Samtidig ser vi at bruken av mobile plattformer auka kraftig frå 2012 til 2014:

2012: Med norsk IP-adresse på yr.no: 1 636 000. Totalt: 3 364 660. Brukarar mobil: 439 540  
2015: Med norsk IP-adresse på yr.no: 1 587 095, eller 47,5 prosent av brukarmassen. Totalt: 3 339 846. Brukarar mobil (norske): 1 528 046 (m.yr 49,45 prosent, appar 44,52 prosent). Tala er oppgitt pr. veke.

**Vurdering:** Talet på brukarar med norsk IP-adresse er redusert med rundt 100 000 i forhold til utgangspunktet 2012. Målet er ikkje nådd.

**Styringsparameter b): Samarbeide om førebygging og beredskap.**

Prestasjonskrav:

1) Instituttet sin kommunikasjon med styresmakter med ansvar for infrastruktur, i sambnad med ekstreme vêrforhold og/eller farleg vêr, er i stadig bedring.

**Resultat:** Instituttet varsla om (namngitte) ekstreme vêrforhold fem gongar i 2015; i ytterlegare fem tilfelle sende vi melding om auka overvaking (Fase A) pga. farleg vêr som ikkje vart til ekstremvêr.

Ekstremvêrvarsel medfører i dag auka bemanning ved MET for å hjelpe samfunnet. Allereie i Fase A blir det oppretta ein særskild koordineringsansvarleg (KA) som bindeledd mellom varslingsmeteorologar og beredskapsansvarlege i samfunnet. Det blir vektlagt å kommunisere «sjeldanheit» vha. gjentaksintervall (returverdiar) for ekstremvêret, knytt til område kor hendinga inntreffer. Ekstremvêrhendingane blir evaluerte med tanke på betringstiltak, og rapportar blir sende ut til påverka partar eksternt og internt. Beredskapskontora i dei påverka fylka og sentrale statsetatar blir kontakta i evalueringsarbeidet.

Tenesta Halo er ein produkt- og tenesteportal som inkluderer kuling-, obs- og ekstremvêrvarsel. Fleire brukarar med ansvar for infrastruktur i samband med farleg vêr eller samfunnskritiske hendingar nyttar tenesta, og har tilrettelagde produkt her. MET har hatt møte med brukarar som nyttar Halo, i tillegg til at fleire av dei ynskjer direkte kontakt med vêrvarslingssalane ved opptrapping av beredskap knytt til ekstreme vêrhendingar. Det har vore til gjensidig nytte; opplæring for dei i bruk av tenester og forståing av produkt, og dessutan læring for MET om konsekvensar og kva som er viktig for brukaren. Nye tenester som vêrbrief på video er testa ut med gode tilbakemeldingar.

Årets «Øvelse Ekstremvêrvarsel» vart gjennomført torsdag 4. juni 2015. Øvinga testa kommunikasjonen til mottakarane våre, med hovudfokus på respons frå *fylkesmenn, redningssentralar og NVE*. Ei testmelding på ekstremvêr vart send ved hjelp av e-post/sms til beredskapsleiarar. Resultatet var godt; 13 av 18 fylkesmenn stadfesta mottak innan 30 minutt etter MET-utsending, 16 av 18 innan 60 minutt.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd

2) Instituttet kan gi ein prognose for spreiiing av farlege stoff i luft og hav i løpet av 30 minutt etter at instituttet har fått kjennskap til ein situasjon.

**Resultat:** I tråd med samarbeidsavtale med Strålevernet er det utveksla spreiiingsdata (flytting av radioaktive luftmassar, konsentrasjonar i luft og avsetting til bakken) på førespurnad i samband med (moglege) reelle hendingar eller reine simuleringar. Leveransane skjer innanfor 30 minuttars margin, med mindre anna omfang/tidsbruk er avtalt (for eksempel i fleire prosjekt der det blir samarbeidd mellom dei nordiske landa om spreiiingsberekningar).

I Oslo blir det øvd på spreiiing av farlege stoff til luft to gongar i døgnet. Gitt at slikt arbeid blir utført utan avbrot, blir prestasjonskravet på 30 minutt for utslepp frå kjente lokasjonar oppfylt. Fristen kan overskridast med 50 prosent i tilfelle med utslepp frå ukjente lokasjonar, særleg viss utsleppskjelda ligg utanfor Europa. Vi deltek i øvingar i samarbeid med VAAC London og Island for vulkanar. Saman med NILU er MET med i Etatsgruppen for Vulkansk Aske (EVA), som kan møtast på kort varsel under leiing av Luftfartstilsynet. På grunnlag av nasjonal kunnskap kan vi gi informasjon i tillegg til den som kjem frå VAAC i London (Exeter).

Personell i Bergen køyrer maritime spreiiingsmodellar for oljedrift, drift av gjenstandar og skipsdrift både føremiddag og kveld. Tenesta er også tilgjengeleg for brukarar av Halo. Det har



vore god dialog med brukarane (HRS, Kystverket og NOFO) i 2015. Det er gjort forbetring av tenesta slik at desse kan køyre simuleringar sjølve, og også ta resultatet inn i eigne verktøy. Det er oppretta ei intern, tverrfagleg gruppe som omfattar operativt personell, prosessansvarlege for radioaktivitet, vulkansk oske og maritime spreingsmodellar og dessutan ein representant frå tryggleik og beredskap. Gruppa møtest kvar månad for å planlegge risikoreduserande tiltak og øvingar, og evaluere hendingar og avvik knytte til dagleg drift.

**Vurdering:** Så lenge spreing av farlege stoff til luft er relatert til ulykker ved faste kjernefysiske installasjonar eller kjente vulkanar, vil MET levere berekningar innan 30 minutt. Dersom spreing skal bereknast for ein ikkje-kjent vulkan eller ein kjernefysisk installasjon utanfor Europa kan fristen på 30 minutt overskridast med 15 minutt. Det er sett i gong modellutvikling for å redusere slike overskridingar. For utslepp til hav vil MET levere berekningar innan 30 minutt.

### **Styringsparameter c): Ivareta viktig nasjonal kompetanse.**

Prestasjonskrav:

#### 1) Dokumentere høg kvalitet (kvalitet betre enn 9 på ein skal fra 1 til 10) av TAF for flytrafikken.

**Resultat:** Verifikasjon av TAF viser stabilt høg kvalitet, i snitt 9.6, for dei tre flyplassane som er med (Oslo, Bergen og Bodø).

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd

#### 2) Dokumentere framgang i det nordiske/baltiske samarbeidet om flyvêrtenester i Nordeuropeisk luftromsblokk (NEFAB).

**Resultat:** Arbeidet følgjer detaljerte arbeidsplanar. Arbeid og leiarskap er fordelt mellom landa. Bl.a. vil ein felles internettbasert portal for presentasjon av sanntids meteorologisk informasjon til luftfarten i Norden og Baltikum (Northavimet.aero) bli lansert i februar 2016.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

#### 3) Instituttet tek oppdrag som utviklar den offentlege meteorologiske tenesta.

**Resultat:** MET leverer tenester på oppdrag frå maritime kundar offshore i same storleik som før. Oppdraga medverkar til å oppretthalde kompetansen innanfor vêr- og bølgevarsling til havs. Verifikasjon av vind- og bølgemodellane våre for havområda vil medverke til å betre modellresultata. I tillegg kjem verdfull kontakt mot sluttbrukarane. Oppdraga er med på å vedlikehalde og utvikle kompetansen vår innanfor maritim vêrvarsling. Dei kan bane veg for forskingsoppdrag og medverkar til ei betring av tenestene for ålmenta.

METs istjeneste tar stadig oftere oppdrag fra kommersiell virksomhet i nordområdene, og har i perioder av 2015 utvidet produksjonen av daglige iskart til 7 ganger i uken (standard er 5 ganger). Dette kommer også øvrige brukere i området til gode, siden kartene legges ut offentlig.

Oppdrag for leverandører av fornybar energi fortsetter som før. Dette bidrar bla til økt nytteverdi for MET gjennom operasjonalisering av metoder og bruk av prognosedata som også kommer den offentlige tjenesten til gode.

Oppdrag for Avinor ga kompetanse, metodikk og verktøy til å beregne værmessig tilgjengelighet til bruk i driftsplanlegging på eksisterende flyplasser, og ved planlegging av nye flyplasser.

Utviklingen av de numeriske modellene gjennom oppdrag og forskningsprosjektene gir et verktøy til bedre lokalklimabeskrivelse og bedre værprognoser på lokal skala.

Via bistandsprosjekter i utviklingsland i Asia opparbeider MET kompetanse på slikt arbeid. Hovedfokus er overføring av kompetanse innenfor værvarsling og klima. Varsling av farlige værhendelser for reduksjon av konsekvenser for liv og sikkerhet er mål. Et annet er kartlegging av dagens klima og estimater om klimaendring, for planleggingsformål. Arbeidet er godt i gang, og gir gode resultater. Det har også tilført MET ny meteorologfaglig kompetanse og bidratt til en kvalitetsheving av egne tekniske systemer. Bistandsarbeidet er ønsket og finansiert i sin helhet av UD. Foruten å støtte opp om norsk utenrikspolitikk oppfyller også MET oppfordringen fra WMO om at i-land bistår u-land i den meteorologiske utviklingen. Å besitte bistandskompetanse er spesielt viktig nå som MET har ledervet i Intergovernmental Board on Climate Services (IBCS); det styrende organet for Global Framework for Climate Services (GFCS) under WMO.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

## **4.2 Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsler for vær, hav og miljø ved hjelp av kompetansebygging, forskning, teknologi og internasjonalt samarbeid.**

**Styringsparameter a): Basere seg på det beste fra nasjonal og internasjonal forskning.**

Prestasjonskrav:


1) At typiske avvik mellom beregna og observert verdi for vind, temperatur, nedbør og trykk i atmosfæremodeller, og for straum, bølger og isdekke til havs i hav- og isdekkemodellar minkar.

### **Modellverifikasjon 2010 - 2015**

Nedanfor er verifikasjon av trykk, temperatur, vind og nedbør frå værvarslingsmodellane ECMWF, HIRLAM10/8, Harmonie2.5, AROME-Norway og AROME-MetCoOp (AM25). ECMWF er den globale modellen som driv dei andre modellane som har blitt køyrde ved MET i heile eller delar av perioden. Harmonie2.5, AROME-Norway og AROME-MetCoOp (AM25) er ulike versjonar av same modell, som i dag er hovudmodell ved MET. Merk at resultatane er viste både for pre-operasjonell og operasjonell fase. Resultatane er også for reine modelldata, dvs. utan postprosesseringa som vert nytta i kjeda ut til Yr.


Verifikasjonsmålet som vert brukt er *midlare absolutt feil* (MAE): Dess lågare verdi, dess høgare kvalitet.

Kvaliteten på trykkvarsel seier noko om værvarslingsmodellane si evne til å varsle dei storstilte vêrsystema (f.eks. plasseringa av lågtrykk). For alle modellane er dette vanskelegere om vinteren enn sommaren.



Figur 5: Verifikasjon av atmosfæretrykk, 2009 – 2015.


Trykkverifikasjonen i figur 5 viser at ECMWF-modellen skårer best, men at resten av modellene gradvis har verifisert bedre og at det om sommaren er liten forskjell mellom AM25 og ECMWF.



Figur 6: Verifikasjon av temperatur 2m over bakken


Figur 6 viser at kvaliteten for temperatur varierer mykje frå år til år, spesielt kan vinteren vere vanskeleg. HIRLAM og Harmonie2.5/AROME-Norway verifiserer heile tida betre enn ECMWF. Unntaket er HIRLAM siste vår/sommar. Sidan AM25 er hovudmodellen, er ikkje vedlikehald av

HIRLAM prioritert. Sidan 2012 har det prioriterte modellsystemet (Harmonie2.5/AROME-Norway/AM25) redusert storleiken på feilen.



Figur 7: Verifikasjon av vindstyrke 10 m over bakken

For vindstyrke (figur 7) er det lite endring i MAE-skåre dei siste åra. Merk at AROME-modellane, med høg romleg oppløysing som eignar seg godt for vidare postprosessering, verifiserer like godt som dei andre modellane. For 2015 totalt skårar han betre enn ECMWF. Den finskala modellen AM25 har også vesentleg betre kvalitet ved ekstremt vêr som vist i figur 9 (omtalt seinare).



Figur 8: Verifikasjon av døgnedbør.


MAE-skåren for nedbør i figur 8 viser heller ingen trend dei siste åra. Det er likevel stor variasjon i skåren, noko som illustrerer kor avhengig verifikasjonen er av vêret sjølv. AM2.5 har likevel hatt færrest feil av alle modellane gjennom 2015. Den finskala modellen AM2.5 har også vesentleg betre kvalitet ved ekstremt vêr som vist i figur 10 (omtalt seinare).

### Modellverifikasjon ved ekstremvêr 2015


Å varsle ekstremvêr står i ei særstilling ved Meteorologisk institutt si verksemd. Dei ulike vêrvarslingsmodellane er viktige utgangspunkt i denne samanhengen. Vi inkluderer spesifikt modellane sin kvalitet i desse situasjonane i den totale vurderinga.

I 2015 vart det sendt ut ekstremvêrvarsel ved fem hendingar: Nina (10. januar), Ole (6. februar), Petra (17. september), Roar (1. oktober) og Synne (5. desember). Dei to førstnemnde var i hovudsak relatert til vind, medan det for dei tre siste var varsla ekstrem nedbør (merk at ekstremvêr ofte er knytt til fleire ulike parametarar). Den grovskala ECMWF-modellen underestimerer i snitt observert vindstyrke vesentleg. Den finskala AROME-MetCoOp-modellen køyrd i Noreg er i langt betre samsvar med observasjonane, medan vi først når AROME-MetCoOp blir postprosessert er i stand til å varsle den aller sterkaste vinden. Viss ein samanliknar stasjon for stasjon, er det til dels store skilnader mellom varsel og observasjonar. Delar av desse skilnadane kan forklarast med heilt lokale forhold rundt observasjonsstadane (t.d. skjerming frå visse retningar på grunn av skogholt eller bygningar) som ikkje en modell med 2,5 km oppløysing kan handtere. Nedbørhendingane viser at varslingskvaliteten kan variere frå situasjon til situasjon. Nokre fellestrekk er likevel at den lokale modellen AROME-MetCoOp har vesentleg betre samsvar med observasjonane og har evna til å varsle dei største nedbørmengdene.

Som for vind er det igjen vesentlege lokale skilnader frå stasjon til stasjon. Mykje av dette vert forklart ved at det ofte er ein ikkje-prediktabel komponent på lokal skala i slike ekstremvêr, altså at vi kan varsle kva regionar som blir råka, men at den lokale fordelinga av nedbør innanfor kvar av regionane er vanskeleg.



Figur 9: Verifikasjon ved spreingsdiagram av varsla maksvind ved ekstremvêra Nina (øvst) og Ole (nedst). Kolonnane er den globale modellen til ECMWF (venstre), MET sin AROME-MetCoOp (midt) og punktvarsla på Yr til høgre (post-prosessert vind basert på AROME-MetCoOp). Kvart punkt representerer ein observasjonsstad og observert maksimal vindstyrke kan lesast av på y-aksen, medan maksimal varsla vindstyrke kan lesast av på x-aksen. Viss varselet var perfekt, ville alle punkta ha ligge på den diagonale linja.




Figur 10: Verifikasjon ved spreingsdiagram av varsla og observert nedbør ved ekstremvêra Petra (venstre), Roar (midt) og Synne (høgre). Radane er den globale modellen til ECMWF (øvtst), MET sin AROME-MetCoOp (nedst). Kvart punkt representerer ein observasjonsstad, og observert nedbør kan lesast av på y-aksen, medan varsla nedbør kan lesast av på x-aksen. Viss varselet var perfekt ville alle punkta ha ligge på den diagonale linja. Nedbøren for Petra og Synne er akkumulert over 48 t, medan nedbøren for Roar er akkumulert over 24 t.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

## Bølgjer

Hovudfokuset når det gjeld bølgevarsling på MET har i 2015 vore å teste, implementere og verifisere ein ny versjon av modellen WAM som vi refererer til som MyWaveWAM. Modellen var ein viktig del av utviklingsarbeidet i EU-prosjektet MyWave som vart koordinert av MET. Denne modellen er no sett i operasjonell rutine for eit område som dekkjer hele dei Nordiske hava med ei horisontal oppløysing på 4 km. Tidlegare har det blitt produsert varsel to gongar i døgnet med start 00 og 12 UTC. For den nye modellen har vi auka dette til fire gongar i døgnet med start 00, 06, 12 og 18. Det vert produsert varsel 66 timar fram i tid.

For kvalitetssikring av bølgevarsla har vi implementert eit automatisert dagleg verifikasjonssystem som bereknar statistiske resultat basert på ca. 25 faste observasjonsstasjonar som sender data i sanntid til MET. Dei fleste av desse er plasserte nær offshore-installasjonar på norsk sokkel. Eit eksempel er vist i Figur 11 der gjennomsnittleg modellfeil (MAE), RMS-feil og bias er berekna for Veslefrikkområdet utanfor Bergen. Resultat for siste versjon av MyWaveWAM er viste med grønne linjer og er ei klar betring samanlikna med tidlegare versjonar.



Figur 11: MAE, RMS og bias for ulike versjonar av bølgeomodellen WAM berekna for Veslefrikk.

## Strøm og sjøisdekke til havs


Instituttet sin hovudmodell for operasjonelle havvarsel er ROMS Nordic-4km (ROMS: Regional Ocean Modeling System) med eit berekningsområde som vist i figuren under.

## Vurdering av kvaliteten på varsla for sjøoverflatetemperatur (SST)

Overflatetemperaturen i havmodellen Nordic-4km blir validert mot drivande bøyer. Desse følgjer havstraumane ved hjelp av eit drivanker som ligg på 15 meters djup. I Figur 12 og 13 viser vi utviklinga i hhv. bias (avvik) og RMS (root mean square feil) mellom modell og observasjonar av




SST. Det går tydeleg fram at det er ein sesongvariasjon i modellfeilen, men vi ser ein svak nedgang i både bias og RMS hausten 2015 samanlikna med våren. Dette skuldast truleg ein kombinasjon av at det vart innført ei svak relaxering mot klimatologi i modellen etter sommaren, og at atmosfærepådrivet vart bytta frå atmosfæremodellen Hirlam12 til ECMW.




Figur 12: RMS for SST (grader Celcius) for året 2015.

### Isvarsel

I løpet av 2015 har Istenesta byrja å bruke Copernicus-data frå Sentinel-1-satellitten, noko som sikrar dagleg tilgang til høgoppløyslege satellittdata. I 2015 vart det utvikla metodikk for å kople ROMS Nordic-4km med MET sine operasjonelle iskart frå Istenesta. Det tyder at informasjon om havisen basert på alle tilgjengelege satellittdata no kan brukast til å oppdatere havisen i modellen. I desember vart dette sett i operasjonell rutine, noko som gav ei sterk betring i kvaliteten på is-analysen i havmodellen. Dette er vist som ein graf for RMS-feil av iskonsentrasjonen i Figur 13. Det operasjonelle iskartet frå 30. desember er vist på Figur 14.



Figur 13: RMS for sjøiskonsentrasjon for 2015 (vist som fraksjon [0.0 – 1.0]). Hoppa i RMS i veke 46 skuldast ein teknisk feil i modellsystemet.




Figur 14: Operasjonelt iskart fra 30. desember 2015

Rutinemessig overvaking av resultat frå havsirkulasjonsmodellar, samanlikna med uavhengige observasjonar, vart initiert i 2011. Aktiviteten omfatta frå starten varsel som vart produserte i samband med GMES-prosjektet MyOcean, tilrettelagd for brukarar i Nordiske Hav, Barentshavet og Arktis. Frå 1. april 2015 vart denne tenesta vidareført som Copernicus Marine Environment Monitoring Service (CMEMS). MET har eit ansvar for den arktiske komponenten av tenesta, i samarbeid med Havforskningsinstituttet og Nansensenteret.

I 2013 vart tilsvarande overvaking implementert i MET si nasjonale teneste. Her vert utvalgte resultat presenterte som viser utviklinga i kvalitet. I denne rapporten supplerer vi resultatata frå MyOcean/CMEMS med resultat for dei tre åra etter 2012 for den nasjonale tenesta.

Det er viktig å legge merke til at resultatata frå dei to ulike modellane ikkje er samanliknbare, i og med at modellane ikkje dekker same område (CMEMS-resultata dekker eit mykje større område enn den nasjonale tenesta).

Med omsyn til resultat frå havsirkulasjonsmodellar har departementet i tildelingsbrevet til MET signalisert eit fokus på resultat for straum og sjøis. (Bølgevarsel blir produserte av eit separat system, og resultat frå dette blir rapporterte for seg.) Når det gjeld straum, er tilgjengelegheit på observasjonar svært liten, og dekninga er så avgrensa at det ikkje er mogleg å vurdere kvaliteten av straumvarsla våre eller utviklinga av denne. Dermed vil vi her berre gjennomgå resultat for sjøis. Vi forventar at dette forholdet kjem til å vare i mange år, inntil det eventuelt blir oppretta eit kystbasert nettverk av radarar for straumobservasjon. MET arbeider for tida med å skaffe finansiering til å utplassere ein første del av eit slikt nettverk, men er avhengig av finansiering frå industripartner.



Figur 15: Beregna og observert isutbreiing i kontrollområde som inkluderer Barentshavet og Norskehavet. Heiltrekte kurver viser tidsforløpet i observasjonsdata, medan stiplete kurver viser tilsvarende for modellresultata. Figurane viser resultat frå den nasjonale tenesta til venstre, og resultat frå MyOcean/CMEMS til høgre.

Resultata i figuren til venstre viser at varsling av isutbreiing generelt held god kvalitet. Begge modellane fangar opp ei regional utvikling mot lågare isdekke frå isminimum for 2013 til minimum i 2014, og også den noko mindre aukinga i isminimumsutbreiing frå 2014 til 2015. Det vesentlege avviket i den nasjonale modellen under seinsommar og haust i 2013 er redusert i 2014. Resultata for 2015 viser ytterlegare betring, særleg frå hausten, då ein ny versjon av den nasjonale modellen vart sett i operasjonell drift. Elles gjengir begge modellane utviklinga i perioden rundt ismaksimum med god nøyaktigheit. Vidare fangar begge modellane opp det forholdsvis tidlege ismaksimumet i 2015.

**Vurdering:** Målet er nådd

## 2) Delen internasjonal forskingsfinansiering held seg på 25 %.

**Resultat:** Delen internasjonal forskingsfinansiering, dvs. utanlandsinntekter av FoU sine totale inntekter i 2015, var ca. 30 prosent i 2015. Inntektene blir rekna som summen av statsbidrag og område 2+6-inntekter, dvs. alle inntekter, ikkje berre den eksternt finansierte delen.

**Vurdering:** Målet er nådd

## 3) Talet på artiklar i internasjonale tidsskrift med referee ligg på minst 45.

**Resultat:** Vitskapeleg publisering er viktig for å vise utvikling, men hovudformålet med MET er operasjonelt. Instituttet er derfor godt nøgd med måloppnåinga for 2014:

- Artiklar i bøker, proceedings med peer review: 4
- Artiklar i tidsskrift med referee: 78

## 4) Betringa i kvaliteten i vêrvarslinga og ressursutnyttinga er forskingsdrivne.

Vêrvarsling blir i vid forstand oppfatta som varsling både av vêret og av straum, temperatur, bølger og is til havs.

Eit vêrvarsel er ikkje komplett før det er forstått av brukarane. Samarbeidet med NRK om vêrtenesta Yr, og instituttet sin frie datapolitikk, har auka både publikum si forståing av – og sjølve kvaliteten på vêrvarsla vesentleg sidan oppstarten i 2007. Fordi Yr når fram til og blir

brukt av svært mange, får MET ei vesentleg mengd med tilbakemeldingar, som i sin tur gir grunnlag for betringar i modellberekningane og i etterbehandlinga av resultatane.

Betringane er forskningsdrivne med støtte frå den operasjonelle vêrvarslingsstenesta og publikum sine tilbakemeldingar, og implementert som automatiske, objektive metodar for effektiv ressursutnytting. Tilbakemeldingane indikerer også kvar det oppstår mistydingar mellom MET og publikum, slik at måten varsle blir framstilte på kan endrast i tråd med den generelle oppfattinga av kva for eksempel ulike symbol signaliserer. Ein av MET sine forskarar vil levere PhD-en sin på dette temaet i 2016. I tillegg har instituttet knytt til seg studentar på andre nivå, som også forskar på temaet. Høgdepunkt frå 2015 inkluderer oppgraderingar av vêrvarslingsmodellen AROME-MetCoOp, betra metode for statistiske korreksjonar av vind, vindkast, nedbør og lynvarsel.

Samarbeidet med SMHI (MetCoOp) om felles vêrvarslingsmodell vart operasjonelt i mars 2014. I løpet av 2015 fekk SMHI ny tungreknere ressurs som saman med norske tungreknere ressursar vert brukte i samarbeidet. Samarbeidet er organisert både med drift- og utviklingskomponent med sterk interaksjon seg imellom. Slik interaksjon sikrar forskingsdriven utvikling og effektiv ressursutnytting i alle ledd. For eksempel går det relativt kort tid frå ei svakheit er identifisert til ho er utbetra i modellen. Samarbeidet aukar den samla kompetansen om modellsystemet og gir meir reknemakt. Dette har medverka til auka kvalitet på vêrvarsla og betre back-up ved feilhendingar.

Høgdepunkt frå 2015:

- Teke i bruk nye svenske HPC-ressursar
- Assimilasjon av fleire observasjonar for betre korreksjon av varsla.
- Betre skildring av sjøtemperatur og sjøis.
- Klargjort for daglege ensemblekøyringar med AROME-MetCoOp-modellen


Forskinga er retta mot utviklinga av eitt modellsystem og éi produksjonskjede. Det er god felles forståing og kjennskap til dei ulike ledda i kjeda. Eksterne og interne prosjekt støttar alle opp eit felles mål om best moglege vêrvarsel. Dei interne ressursane vert utnytta i samspel med ekstern finansiering gjennom mange ulike typar forskingsprosjekt og samarbeidspartnarar. Det er stort medvit om kor viktig og nyttig det er med både forskning og operasjonalisering av resultatane. Den eksterne prosjektporteføljen og dei tilhøyrande gjensidige forpliktingane auka vesentleg i 2014, og har halde fram aukinga i 2015. Dette aukar medvitet og ansvarlegheita på alle nivåa i organisasjonen.

Til havvarslinga er det utvikla ein ny Oslofjordmodell (FjordOs CL), som har ein detaljeringsgrad som er tilpassa Oslofjorden, og som gjer instituttet i stand til å betre tenestene sine der.

Nedanfor visest to bilete frå eksperiment med ein ny Oslofjordmodell (FjordOs CL) der vi brukar den kurvelineære koordinatopsjonen i ROMS. Opsjonen gir høve til å variere gitterstorleiken (grad av oppløysing). I FjordOs CL varierer gitterstorleiken frå 40 m i Drøbaksundet til 300 m langs den sørlege randen mot Skagerrak. I sør er modellen kopla til NorKyst800-modellen (einvegsnøsting). Figur 16 viser salthaldigheita i overflata på ein bestemt dag (23. april 2014) for heile modellområdet, medan Figur 17 viser straumdetaljar frå Drøbaksundet. Figur 16 viser tydeleg korleis tilfanget av ferskvatn frå dei største elvene Glomma og Drammenselva påverkar nærrområda sine, medan Figur 17 tydeleg viser korleis tidevasstraumane vert påverka av

sjeteen sør for Oscarsborg. Modellen vil, når han er operativ, gi et viktig bidrag til betringa av

**Salinity0m - 23-04-2014 06:00**



varslings av drivbanar for uønskte utslepp til Oslofjorden (jf. godafossulukka februar 2011).

Figur 16: Salthaldigheit i overflata i

**Vurdering:** Målet er nådd

### 4.3 Meteorologisk institutt skal vidareutvikle observasjonssystemet sitt for vêrvarslings- og klimaføremål.

**Styringsparameter a:) Basere seg på det beste frå nasjonal og internasjonal forskning og teknologi**

Prestasjonskrav:

1) 5 nye stasjonar er automatiserte

**Resultat:** Totalt 12 nye automatiske vêrstasjonar er sette i drift i 2015. Dei fleste er sette opp i eit godt samarbeid med NVE, SVV og JBV for å betre observasjonsgrunnlaget for den regionale skredvarslings.

Figur 16: Salthaldigheit i overflata i Oslofjorden frå eksperiment med ein ny Oslofjordmodell. Raude fargar er høg salthaldigheit, blå låge salthaldigheiter.

Figur 17: Straum i 2 m djup i Drøbaksundet frå eksperiment med FjordOs CL. Fargane viser straumfart frå 0 til 1.5 m/s. Kvite område viser land, og den "hakka" kyststripa svarer til modellen si oppløysleghet (gitterstorleik). Legg merke til at sjeteen sør for Oscarsborg er med, også dei to opningane.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

2) Starte bygging av værradar på Hafjell i Oppland.

**Resultat:** Avtale om kjøp av radarsensor m/ antenne++ er inngått, og prosjektering/produksjon av denne er sett i gang. Leveringsdato til Hafjell første veke i august 2016. Anbudskonkuranse på grunnarbeid/tårn og nødvendig infrastruktur vil bli halden no i byrjinga av 2016.

Det er planlagt at stasjonen skal setjast i operativ test i månadsskiftet august/september 2016.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

#### **4.4 Meteorologisk institutt skal betre kunnskapen om dagens klima i Noreg og om klimautviklinga i fortid og framtid.**

**Styringsparameter a): Styrke forskning og tenester.**

Prestasjonskrav:

1) Arctic Data Centre er ein internasjonal hovudkanal for fysiske polare data (is, snø, atmosfære og hav), for det internasjonale polarforskingssamarbeidet, som eit bidrag til WMO Information System.

**Resultat:** Tidsseriebaserte data er tilgjengelege gjennom eKlima. Gridda datasett for dagens og framtidens klima er tilgjengelege gjennom Arctic Data Center. Vi utviklar no ein ny felles datakanal for dette, kalla BORA. Denne skal vere klimadatakanalen vår i portalen klimaservicesenter.no.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

2) Klimaservicesenteret dekker viktige samfunnsbehov for klimainformasjon for offentlege og private verksemder i samband med planlegging og klimatilpassing.

**Resultat:**

- Meteorologisk institutt leier KSS, som er eit samarbeid med NVE og Uni Research, delvis finansiert gjennom Miljødirektoratet.
- KSS webportal *klimaservicesenter.no* opna hausten 2015, og skal vere ein brukarvenleg kanal for relevant informasjon for klimatilpassing.
- Ein omfattande klimarapport («Klima i Norge 2100») som gir eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i Noreg vart publisert hausten 2015. Rapporten skildrar både historisk klimautvikling, dagens klima og framskrivingar av klimautvikling fram mot slutten av hundreåret. Rapporten er tilgjengeleg på klimaservicesenter.no.
- KSS medverkar til regjeringsoppnemnde utval. I 2015 har KSS medverka med fagtagrunnlag til «overvannsutvalget» og sekretariatstøtte til «arbeidsgruppe for landbruk og klima».

- Fylkesvise klimaprofilar vert utarbeidde i samarbeid med fylkesmenn/ fylkeskommunar. Pilotprofil for Troms og profil for Vestfold vart leverte i 2015.
- Brukarinitierte oppdrag og prosjekt vert gjennomførte i tråd med faglege prioriteringar. I 2015 har prosjekt i samarbeid med Jernbaneverket, Vegdirektoratet og NVE («Naturfare-Infrastruktur-Flom-Skred»; NIFS) , vass- og avløpsetaten i Oslo, Drammen og Trondheim («Regnbyge 3M»), og med Riksantikvaren blitt prioriterte.
- KSS medverkar til å planlegge og gjennomføre eksternt finansierte forskingsprosjekt der målet er å utvikle/betre produkt som er relevante for klimatilpassing. I 2015 har KSS medverka til prosjektet ExPrec Flood, og initiert/utvikla to søknader til Forskningsrådet som begge har fått støtte for perioden 2016-2019.
- KSS deltek i internasjonalt arbeid knytt til klimaservice som partnerar i EU-prosjekt (CLIP-C og ERA4CS), som deltakarar i bilaterale og internasjonale konferansar/møte og dessutan ved å medverke til/støtte internasjonale nettverk (JPI climate, Nordic Framework for Climate Services, Global Framework for Climate Services).

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd

3) Instituttet sitt klimaarbeid, klimakommunikasjon og deltaking i den offentlege debatten skal finnast att i form av medieomtale.

**Resultat:** Nyheitsartiklar har vore godt synlege i media som følgje av publisering av klimastatistikk, dokumentasjon av ekstremvêrhendingar, tre kronikkar og eit ukjent tal debattinnlegg. Medieklipp der klimaforskarane våre var kjelder, gav 390 siteringar (nettaviser) i 2015. Medieklipp der Norsk klimaservicesenter var kjelde, gav 275 siteringar (nettaviser). I tillegg kom papiraviser, tv og radio der MET ikkje har medieovervaking.

Hovudaktivitetar:

- Klimastatus 2014 i januar 2015, med ei oppsummering av året som gjekk. Fagmiljø, NGO-ar og presse var inviterte. Direkte dekking på nrk.no og VG-tv.
- Klimarapporten «Klima 2100» i regi av Norsk Klimaservicesenter, med lansering 22. september. Dekking både på NRK-tv, TV2-nyheter og God morgen, Norge.
- Intern medietrening av klimaforskarar og meteorologar i samband med rapporten
- Fleire foredrag i etterkant av klimarapporten.
- Frokostseminar i regi av CIENS «Klima i Norge 2100 – Nye klima- og hydrologiske framskrivningar».

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd

**Andre kommentarar om måloppnåinga:**

### **Global klimamodellering**

Meteorologisk institutt, Bjerknessenteret i Bergen og Universitetet i Oslo er dei viktigaste institusjonane bak den norske jordsystem-modellen NorESM. Dette arbeidet vert no m.a. retta mot bidrag til Climate Model Intercomparison Project 6 (CMIP6), som vil danne det faglege grunnlaget for neste rapport frå IPCC (AR6). Modellen vert utvikla saman med internasjonale samarbeidspartnarar, først og fremst ved NCAR i USA, og gjennom nasjonale og internasjonale prosjekt (EU og nordiske finansieringskjelder). Fleire hundre internasjonale publikasjonar har nytta resultat frå NorESM i klimaanalysane sine. Særleg koplinga mellom aerosol, skyer og klimaendringar er ein spesialitet som Meteorologisk institutt og Universitetet i Oslo har medverka til i NorESM. NorESM vert elles brukt også i Norden ved universiteta i Stockholm og

Helsinki. I det siste er det utført utrekningar av klimaresponsen no, tidlegare og framover i tid, av europeiske utslepp av kortlevde klimagassar og -partiklar. Det viser seg at det er ein merkbar klimarespons, ikkje minst i Arktis, av dei europeiske SO<sub>2</sub>-utsleppa i dei siste ti-åra (avkjølingseffekt). Erfaringane frå utviklinga og bruken av NorESM bygger opp under klimatenestene frå instituttet.

### **Klimaformidling**

Det er arbeidd vidare med innhald av klimastoff på yr.no, met.no og klimaservicesenter.no. Klimastatistikk for Noreg vart presentert på instituttet sine nettsider som "Været i Norge" kvar månad, og vidare samanfatta i ein eigen årsrapport. Denne vert omsett til engelsk og rapportert til WMO RA-VI. Dagleg samarbeid med brukarar om å tilrettelegge klimainformasjon; anten for eit ålment publikum, eller brukarar med spesielle behov, har medverka til ei brukertilpassa klimaformidling. Til saman vert om lag 3000 førespurnader i året relatert til klima og observert vêr handterte.

### **Klimatilpassing og klimaskildring**

I regi av Klimaservicesenteret og i samarbeid med Fylkesmannen og ei rekke lokale instansar er det utarbeidd fylkesvise «klimaprofilar» for Troms og Vestfold. Tilsvarande profilar skal etter kvart utarbeidast for alle fylka i landet. I desse klimaprofilane vert m.a. dagens og framtida sine klimautfordringar kartlagde, og dessutan behova for klimatilpassing i kvart av fylka. Desse fylkesvise oversiktane skal betre integrasjonen av klimatilpassing i det kommunale planarbeidet. Det skal også betre kommunane sin tingarkompetanse knytt til klimainformasjon, og framskaffe avgjerdsgrunnlag for kommunal planlegging. I tillegg blir resultata frå samarbeidet med Fylkesmannen eit viktig grunnlag for utforminga av KSS sine tenester.

I 2015 betra vi metodikken som vert nytta til å produsere det observasjonsbaserte griddatasettet. Dette vert nytta som inngangsdata for NVE si naturskadevarsling. Den nye metodikken vert no operasjonalisert. Dette gir betre estimat, spesielt for temperatur i vintersesongen. Metodikken gir også grid for temperatur og nedbør på timebasis, i tillegg til for døgn. Metoden som er utvikla for nedbør vil bli utvida til også å utnytte radardata. Arbeidet vert utført i nært samarbeid med NVE.

I 2015 heldt vi fram arbeidet med å undersøke samanhengen mellom klima og effektar av klimavariasjonar i landbruk og skogforvaltning, med fokus på (i) dyrkingspotensial for ulike grønsaker og (ii) risiko for skadar som følge av vêrhendingar. Forskarar ved MET har eit langvarig samarbeid med Sintef-Byggforsk om tilrettelegging av klimainformasjon for- og undersøkingar av klimasårbarheit i bygningsmiljøet i Noreg. Som følge av dette er MET no med som partnar i SFI-Klima 2050.

### **Korttidsnedbør (nedbør med varigheit 1 minutt – 24 timer)**

Det er auka etterspurnad etter estimat av korttidsnedbør for både noverande og framtidig klima, som dimensjonerande grunnlag for infrastruktur. Korttids nedbørdata er også viktige for evaluering av vêrhendingar, og for å sette rette terskelverdiar til bruk for trinnvis beredskap i flaumhendingar. Instituttet har i vesentleg grad betra og auka datagrunnlaget for korttidsnedbør i samarbeid med kommunar.

Instituttet medverka inn i eit tverretatleg samarbeid "Naturfare, Infrastruktur, Flom og Skred (NIFS)", og har utarbeidd ein omfattande rapport om dimensjonerande korttidsnedbør i Noreg. Rapporten gir oversikt over høgste målte verdiar, historiske trendar, geografisk fordeling



av dimensjonerande verdier (Intensitet-Varighet-Frekvens (IVF) statistikk), og tilrådingar om klimafaktor bør nyttast for estimat av IVF-verdiar fram mot år 2100.

MET har også gitt ei rekke innspel til NOU 2015:16 om handtering av overvatn. Utvalet bak rapporten tilrår at MET styrkar og utvidar arbeidet sitt, og vert sett ressursmessig i stand til å berekne og formidle kunnskap om IVF-statistikk og klimafaktorar, og dessutan å forvalte tilskotsmiddel for målestasjonar for korttidsnedbør. Utvalet foreslår at det vert løyvd midlar slik at MET kan dekke dei auka kostnadane med etablering og oppfølging av kvalitet og regularitet på kommunale målestasjonar, og sikre at oppdaterte IVF-verdiar vert gjort tilgjengelege på Klimaservicesenteret sine nettsider. I tillegg tilrår NOU 2015:16 at MET vert løyvd midlar slik at instituttet kan gi tilskot til kommunale målestasjonar.

### **Historiske måleseriar**

MET forvaltar eit stort tal klimaseriar som ikkje finst digitalt. Vi har digitalisert, kvalitetskontrollert og gjort tilgjengeleg 2000 stasjonsår, i hovudsak på oppdrag frå Statkraft. Dette har gitt eit viktig bidrag i å gjere tilgjengeleg lange tidsseriar for klimastudium. For å styrke datagrunnlaget for korttidsnedbør er det også digitalisert opplysningar om «sterke regnskyll», som er rapporterte inn av observatørane på MET sine nedbørstasjonar.

### **Instituttets aktivitet**

Histklim vart lagt ned ved utgangen av året på grunn av behovet for nedbemanning, og at dei fleste viktige historiske tidsseriar no er digitaliserte.

### **Utgreiingsoppdrag – lokalklima**

MET har engasjert seg i utgreiingsoppdrag for AVINOR under rammeavtalen for Flyvêrtenester. Utgreiing av vêrmessig tilgjengelegheit ved planlegging av flyplassar gir auka kunnskap om lokalklima. Gjennom oppdraga medverkar MET til å sikre grunnlaget for drift av nasjonal infrastruktur.

### **Klimaanalysar på Svalbard**

Det er stor interesse for klimadata frå Svalbard. I samarbeid med russiske forskarar er det utført automatiske temperaturmålingar ved dei gamle målestadane i Pyramiden (russiske målingar 1948-1957) og på Finneset (Green Harbour) i Grøn fjorden. På Finneset vart målingane utførte på same stad som den første regulære norske vêrstasjonen på Svalbard var i drift frå 1911 til 1930. I Barentsburg er det sett opp ein automatisk norsk vêrstasjon nær den russiske vêrstasjonen, slik at m.a. norske og russiske temperatur- og nedbør-sensarar kan samanliknast i arktisk klima. I perioden 1934-1976 var Isfjord Radio den viktigaste norske vêrstasjonen på Svalbard. No er det sett opp ein ny automatisk vêrstasjon med Geonor nedbørmålar ved Isfjord Radio. Dei nye automatiske målestasjonane vil gjere det mogleg å etablere lange klimaseriar og kartlegge klimagrader langs vestkysten av Spitsbergen og innover i Isfjorden (AWAKE-prosjektet i samarbeid med Polen).

## 4.5 Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, relevant og tilgjengeleg i all kommunikasjon.

### **Styringsparameter a): Samfunnsnyttige tenester basert på forskning og teknologi.**

Prestasjonskrav:

1) Instituttet plasserer seg i topp-tre-sjiktet på Ipsos-MMI si omdømemåling for statlege etatar.

**Resultat:** Meteorologisk institutt vart kåra til den statsetaten i Noreg som har best omdøme, for 10. år på rad, i september 2015.

**Vurdering:** Målet er nådd.

2) Instituttet skal nå dei rette målgruppene med rett budskap.(Vurdert kvalitativt).

### **Resultat:**

- Klimakommunikasjon: Ut frå instituttet sin strategi skal klimakommunikasjonen først og fremst nå avgjerdestakarar. For å oppnå dette har vi lagt vekt på samarbeid med blant anna Miljødirektoratet. Klimastatus der MET årleg går gjennom klima i Noreg og klimautviklinga har etablert seg som ei viktig årleg hending. For resultat sjå 4.4.3. Kommunikasjonsavdelinga og avdeling for klimainformasjon har gjennomført opplæring for meteorologar og klimaforskarar i samband med Klimarapporten 2100.
- Ekstremvêrvarsling: Gode rutinar og prosedyrar for varsling er innført. Kontakten med styresmaktene er auka gjennom Halo (sjå neste punkt). Det er dessutan innført rutinar for ettermøte og oppsummeringar med andre styresmakter etter uvêrsituasjonar. Fleire kanalar er tekne i bruk for å varsle om ekstremvêr. Kommunikasjonen med media og ålmenta er styrka gjennom bruk av Twitter, og fleire twitterkontoar er tekne i bruk for å skilje målgruppene; @Meteorologisk og @meteorologene. Det er gjennomført seks nettmøte i samarbeid med NRK i samband med ekstremvêr og spesielle hendingar (påskevêr, julevêr). Det er også gjort forsøk på videopresentasjon under siste ekstremvêr i desember, som vart sendt til Sysselmannen på Svalbard.
- Halo, vêrtenesta for offentlege brukarar, er ytterlegare utvida og betra sidan i fjor. Tenesta har no over 3 000 brukarar fordelt på ca. 30 statlege etatar og ca. 80 kommunar. Brukarundersøking i 2015 viste at over halvparten av brukarane nyttar tenesta dagleg eller kvar veke, og over halvparten er nøgde eller svært nøgde med Halo. Se elles avsnitt 1.a 3-4.
- Vêrvarslingsavdelingane hadde i 2015 ca. 18 000 framføringar i media om aktuelt vêr. Av dette var ca. 8500 faste radiointervju/opplasingar, ca. 3500 TV-presentasjonar og ca. 6000 ad hoc-intervju med aviser, lokalradioar o.l. Det er sendt ut fem ekstremvêrvarsel, 1197 storm- og kulingvarsel og et høgt tal OBS-varsel.

**Vurdering:** Det vert arbeidd langs fleire vegar for å nå instituttet sine mange målgrupper og dekke deira ulike behov. Arbeidet vil aldri kunne bli rekna som ferdigstilt, men det vert arbeidd kontinuerleg med saka.

#### **4.6 Meteorologisk institutt skal utvikle organisasjon og leiing for å styrke leiarkulturen, samhandlinga og gjennomføringsevna**

##### **Styringsparameter a): Fokuserer på leiing.**

Prestasjonskrav:

###### 1) Leiarutvikling sett i system. (Vert vurdert kvalitativt).

**Resultat:** Instituttet har gjennomlevd eit turbulent år, med omstilling og nedbemanning. Det er første gong i instituttet si historie at ei villa nedbemanning i slikt omfang (i overkant av 10 prosent nedbemanning når prosessen er ferdig mot slutten av 2016, frå ca. 450 til 400 medarbeidarar) er gjennomført. Fordi slike prosessar er tidkrevjande, og som følge av langtidssjukdom i ein elles liten stab, er det brukt svært lite tid på leiarutvikling i 2015.

**Vurdering:** Målet er ikkje nådd.

###### 2) Det vert halde jamlege leiarsamlingar.

**Resultat:** Det er halde tre leiarsamlingar i 2015, høvesvis 28. januar, 20. mai og 13. oktober. Som følge av den økonomiske situasjonen vart samlingane avgrensa til berre éin dag kvar gong.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

##### **Styringsparameter b): Samarbeide godt på tvers.**

Prestasjonskrav:

###### 1) Halde fram vidareutviklinga av det nye intranettet (Vert vurdert kvalitativt)

**Resultat:** 2015 fekk intranettet på plass samarbeidsrom for oversikt over prosjekt og med funksjonalitet for samarbeid, etter behov definert av organisasjonen.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er nådd.

###### 2) Det vert arrangert Knutepunkt

**Resultat:** Årets knutepunkt vart avlyst, som følge av den krevande økonomiske situasjonen.

**Vurdering:** Prestasjonskravet er ikkje nådd.

##### **Styringsparameter c): Ulike kontroll- / og beredskapssystem på plass.**

Prestasjonskrav:

1) Arbeidet med internkontrollsystemet vert vidareført og fylt opp med fleire prosessar, basert på ROS-analysar.

**Resultat:** Overordna har MET sett som mål å sjå tryggleiks- og beredskapsrelaterte område som ein integrert del av instituttet si risikostyring, blant anna ved å implementere eit overordna styringssystem for sentrale område på instituttet, blant desse internkontroll, informasjonstryggleik, kvalitet, HMS og krisehandtering. Arbeidet har kome godt i gong i 2015 og vert vidareført i 2016.

Arbeidet med eit internkontrollsystem starta opp i 2013. Det vart nedsett ei prosjektgruppe som i løpet av 2014 og 2015 har kartlagt viktige prosessar i verksemda og gjort tryggleiksvurderingar. Prosjektet vart avslutta og overlevert direksjonen i oktober 2015. I samband med dette er det utarbeidd ei handbok for internkontroll som er godkjent av direksjonen, og ein internkontrollansvarleg er utpeikt. I 2016 vert det arbeidd vidare med risikovurderingar og implementering av internkontroll som del av styringssystemet i METCIM, og i samband med dette er det gjort avrop på rammeavtalen for KunnskapsCIM.

**Vurdering:** Det vert arbeidd kontinuerleg på området.

**Andre kommentarar om måloppnåinga:**

MET har kjøpt inn turnusplanleggingssystemet GAT, som vil forenkle vaktplanlegging og automatisere lønsberekningssystemet for medarbeidarar i turnus. Vêrvarslinga på Vestlandet har fungert som pilotbrukar i 2014 og 2015. Systemet vart teke i bruk på alle vêrvarslingssalane og IT - servicedesk f.o.m. oktober 2015. Vêrtenestekontora Ørland, Bardufoss og Bodø skal ta det i bruk i løpet av våren 2016.

## 5 Styring og kontroll i verksemda

### 5.1 Rapportering på styring og kontroll i verksemda

MET si målstyring tek utgangspunkt i departementet sitt tildelingsbrev. I planleggingsprosessen vert alle aktivitetar opp mot effekt på måloppnåing og aktivitetane sin ressursbruk vurderte og prioriterte. Planleggingsprosessen involverer alle leiingsnivå i MET og alle overordna prioriteringar vert tekne i MET si leiargruppe.

Alle aktiviteter vert følgde opp kontinuerleg, og store delar av MET sine tenester er underlagde ekstern rapportering og revisjon. System for ressursoppfølging mot vedteke budsjett er distribuert og tilgjengeleg for alle.

Alle fullmakter til økonomiske disposisjonar er delegerte skriftleg og berre innanfor rammene av godkjente budsjett. Desse fullmaktene er også registrerte i systemstøtta for attestasjon og godkjenning av utbetalingar. Avtaleansvarlege fakturerer for utførte tenester, og den sentrale økonomifunksjonen følger opp innbetalingane og sørger for at ev. betalingspåminningar blir sende i tråd med gjeldande fristar.

I tillegg til Økonomireglementet for Staten er MET også underlagt BOA-reglementet. Det er etablert rutinar for alle MET sine bidrags- og oppdragsfinansierte prosjekt, og all nødvendig dokumentasjon vert utarbeidd i dei ulike prosjekta. I tillegg stiller eksterne oppdragsgjeverar ofte eigne krav til rapportering og dokumentasjon.

### 5.2 Rapportering ut frå diverse lover

#### 5.2.1 Likestillingslova

Instituttet praktiserer ein lønnspolitikk som ikkje diskriminerer, der alle medarbeidarar skal ha høve til ei lønsutvikling ut frå føresetnadane til den enkelte. Det skal førstast ein lønnspolitikk som sikrar reel likeløn mellom kvinner og menn. Med tanke på å avdekke skeivheiter, vert ulike lønsstatistikkar gjennomgått i samband med førebuande møte til lokale lønsforhandlingar. I 2015 vart det ikkje gjennomført lokale lønnsforhandlingar.

Instituttet har som mål å oppfordre og legge til rette for at kvinner kan ta kompetansegevande opplæring/utdanning. Det skal vidare førstast ein medviten politikk med tanke på tildeling av kvalifiserande arbeidsoppgåver til kvinner der leiaroppgåver er eit mål (handlingsplan for likestilling). Det finst ingen statistikk som kan dokumentere måloppnåing.

## Tilstand for likestilling mellom kjønna i 2015

		Kjønnsbalanse				
		M %	K %	Totalt	Antall menn	Antall kvinner
Totalt i verksemda	I år	62,0	38,0	439	272	167
	I fjor	61,9	38,1	459	284	175
Direksjonen	I år	66,7	33,3	6	4	2
	I fjor	66,7	33,3	6	4	2
Resten av leiarane	I år	75,0	25,0	44	33	11
	I fjor	75,0	25,0	44	33	11
Statsmeteorologar	I år	50,0	50,0	74	37	37
	I fjor	48,8	51,2	82	40	42
Forskarar	I år	65,1	34,9	109	71	38
	I fjor	64,8	35,2	108	70	38
Ingeniørar	I år	84,9	15,1	86	73	13
	I fjor	84,1	15,9	88	74	14
Anna meteorologfagleg personell	I år	51,0	49,0	51	26	25
	I fjor	51,8	48,2	56	29	27
Anna personell	I år	40,6	59,4	69	28	41
	I fjor	45,3	54,7	75	34	41

		Løn (A + B trinn, 100 %)		Løn	
		M (Kr.)	K (Kr.)	M %	K %
Totalt i verksemda	I år	45 602	41 754	100	91,6
	I fjor	45 397	41 288	100	90,9
	I år	87 190	83 975	100	96,3
Direksjonen	I fjor	86 531	83 817	100	96,9
	I år	54 618	53 457	100	97,9
Resten av leiarane	I fjor	54 019	53 355	100	98,8
	I år	43 582	40 664	100	93,3
Statsmeteorologar	I fjor	43 428	39 615	100	91,2
	I år	47 768	44 626	100	93,4
Forskarar	I fjor	47 430	44 076	100	92,9
	I år	43 774	43 213	100	98,7
Ingeniørar	I fjor	43 790	43 121	100	98,5
	I år	34 679	33 408	100	96,3
Anna meteorologfagleg personell	I fjor	34 445	33 502	100	97,3
	I år	41 122	39 503	100	96,1
Anna personell	I fjor	43 159	39 606	100	91,8

		Deltid		Midlertidig tilsetning	
		M %	K %	M %	K %
Totalt i verksemda	I år	7,4	19,8	4,8	7,8
	I fjor	7,7	14,3	6,0	9,1

		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
		M %	K %	M %	K %
Totalt i verksemda	I år	48,7	51,3	1,4	5,3
	I fjor	31,1	68,9	1,7	4,6

		Eigenmeld sjukefråvær		Sjukt barn	
		M %	K %	M %	K %
Totalt i verksemda	I år	1,0	1,2	57,8	42,2
	I fjor	0,9	1,0	49,2	50,8

### Tiltak

Likestillingsarbeidet ved MET har som mål å sikre alle like moglegheiter i tilsettingsforholdet. Det er utarbeidd ein eigen handlingsplan for likestilling mellom kjønna. Resultatrapportering i forhold til denne vert vurdert årlag, m.a. ved at rapporten vert diskutert med dei tillitsvalde.

### Rekruttering

Før stillingar vert kunngjort skal utlysingsteksten vurderast med sikte på å unngå formuleringar og/eller praksis og krav som kan føre til at kvinner, personar med innvandrarakgrunn eller personar med funksjonshemming ikkje søker stillinga. Tilsettingsråda og alle leiarane skal ha kompetanse på likestillingskrava knytte til tilsettings saker. Nye leiarar og tillitsvalde får jamleg gjennomgang av desse emna.

Instituttet har i 2015 vore i ein vanskelig økonomisk situasjon. Dette har m.a. ført til nedbemanning og tilnærma tilsettingsstopp. Fleire ledige stillingar er fylte med interne kandidatar.

### Kjønn

Instituttet har som mål å auke kvinnedelen i stillingsgrupper der kvinner er underrepresenterte. Desse gruppene var for 2014 identifiserte til enkelte stillingsgrupper, leiarstillingar og mediestillingar (fokusstillingar). Kunngjeringsteksten skal formulerast slik at det i stillingskategoriar der kvinner er underrepresenterte, skal kvinner oppfordrast til å søke.

I 2012 vart det gjort ei vurdering av kva faktorar som kan medverke til å rekruttere og behalde medarbeidarar og spesielt kvinner. For perioden fram til 2017 er det sett følgande mål for større stillingsgrupper der kvinner er underrepresenterte: Høvesvis 38 prosent av leiarane skal vere kvinner (vi har no 26 prosent, det same som i 2014), 18 prosent av ingeniørane (vi har no 15,1 prosent, redusert frå 15,9 i 2014), 45 prosent av forskerane (vi har no 34,9 prosent, redusert frå 35,2 i 2014). Måla vart sette ut frå vurdering av status og turnover. Omstillinga har ikkje gjort rekruttering av kvinner enklare. Meir om dette i avsnitta nedanfor.

Instituttet praktiserer moderat kjønnskvoltering. Der det er tilstrekkeleg mange kvalifiserte kvinner blant søkerane skal minst to innkallast til intervju, minst tre der det er ei fokusstilling.

#### **Alle stillingar**

Det vart tilsett femten medarbeidarar i 2015 (av desse sju interne som fekk nye stillingar og som ikkje vart erstatta), åtte av desse var kvinner (53 prosent). Dette er tre prosentpoeng høgre enn i 2014. Det var i alt 123 som søkte på stilling i MET i 2015, 57 prosent var kvinner. I ti av femten kunngjeringar var det kvinner blant søkerane. I dei ti kunngjeringane der det var kvinner som søkte, var det også kvalifiserte kvinner blant søkerane og éi eller fleire vart kalla inn til intervju.

#### **Leiarstillingar**

26 prosent av leiarane ved MET er kvinner, det same som fjor. Det vart tilsett i fire leiarstillingar i 2015, av desse to kvinner. 47 prosent av søkerane til leiarstillingane var kvinner. I alle kunngjeringane var det kvinner blant søkerane, åtte kvinner vart kalla inn til intervju.

#### **«Mediestillingar»**

Det vart tilsett fire medarbeidarar i mediestillingar i 2015 (stillingar der heile eller delar av oppgåva er å representere instituttet i media). Alle var kvinner.

#### **Andre fokusstillingar**

I andre fokusstillingar (stillingsgrupper der det er mindre enn 40 prosent kvinner) vart det tilsett fem medarbeidarar i 2015, éi kvinne. Det var kvinnelege søkarar i éi av fem kunngjeringar. Det vart ikkje tilsett nokon i ingeniørstilling i 2015, og delen kvinner i ingeniørstillingar vart redusert frå 15,9 til 15,1 prosent. Kvinnedelen i forskarstillingar er redusert frå 35,2 til 34,9 prosent.

#### **Utfordring**

På fleire av fagområda der instituttet har behov for medarbeidarar finst det få aktuelle kvinner i arbeidsmarknaden. Dette speglar seg att i søkarmassen, i 17 prosent av alle kunngjeringane var det ingen kvalifiserte kvinner som søkte, og i *sju (47 prosent) av femten* kunngjeringar var det ingen kvinner som søkte. Korleis instituttet kan tiltrekke seg fleire kvalifiserte kvinner, spesielt til dei stillingane der kvinner er underrepresenterte, vil bli vurderte vidare i 2016.

#### **Stipend**

I samband med tildeling av stipend skal det søkast ei jamn fordeling mellom tenestegreiner, stillingsgrupper og kjønn. Det vart tildelt kr 100 000 i individuelle stipend i 2015, til åtte kvinner og fem menn.

### **5.2.2 Diskrimineringslova om etnisitet og diskrimineringslova om seksuell orientering**

Det er først og fremst lov om etnisitet som er aktuell for MET. Instituttet si målsetting er å ha ein låg turnover i grupper som vert omfatta av denne lova, og dessutan auke delen tilsette med slik bakgrunn. Kunngjeringstekstane skal formulerast slik at personar med innvandrarakgrunn oppfattar at dei også vil vere aktuelle og ettertrakta kandidatar til stillinga. Unntak er stillingar der det er krav om tryggleiksklareringar og gode norskkunnskapar. Der det er mange nok kvalifiserte søkarar skal minst éin søkar med innvandrarakgrunn kallast inn til intervju.

Det vart tilsett éin medarbeidar med innvandrarakgrunn i 2015. 15 prosent (19 stk.) av søkerane hadde innvandrarakgrunn. I fire av de femten kunngjeringane var det søkarar som



gav opp at dei hadde innvandrarbakgrunn. I éi av kunngjeringane var det kvalifiserte søkarar med oppgitt innvandrarbakgrunn, som også vart kalla inn til intervju. Seks medarbeidarar med innvandrarbakgrunn slutta i 2015.

Éi mobbesak er vurdert i 2015. Meteorologisk institutt har nulltoleranse for mobbing. Alle avdelingar har utarbeidd spelereglar for jobbing utan mobbing. Spelereglane vert revurderte kvart år.

Medarbeidarar i HR-avdelinga har tidlegare delteke på mangfaldseminar. Dette vert følgd opp med ein årleg gjennomgang av rettleiar i mangfaldsrekruttering og LDO si sjekklister for arbeidsplassen.

### 5.2.3 Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova.

Kunngjeringstekstar skal formulerast slik at personar med nedsett funksjonsevne oppfattar at dei også vil vere aktuelle og ettertrakta kandidatar til stillingar når det ikkje vert sett særskilde restriksjonar. § 9 i forskriftene til tenestemannslova vert følgd.

Ingen av søkarane i 2015 gav opp å ha redusert funksjonsevne.

## 5.3 Rapportering på generelle føringar

### 5.3.1 Redusere og fjerne tidstjuvar i statsforvaltinga

MET har arbeidd med krisehandteringsverktøyet CIM i 2015, med sikte på å ta verktøyet i bruk til fleire ting enn krisehandtering. Systemet ser ut til å vere eit godt system for lagring og atffinning av ulike typar informasjon. Konkrete tidstjuvar som vert fjerna med dette er tida som vert brukt på å leite og søke etter informasjon, for eksempel for dei som svarar på klimaførespurnader og for dei som skal sette i verk vedtak fatta i direksjonsmøte. Samtidig meiner instituttet det er ulogisk å ha eit verktøy som verre vert nytta ved kriser, fordi desse inntreff forholdsvis sjeldan. Effektiv bruk av eit verktøy krev at verktøyet vert nytta ofte. Status: Under arbeid.

Instituttet starta eit prosjekt i 2015 for å innføre Google Apps for Work. Verktøya vil bli implementerte i 2016. Dette vil effektivisere ulike former for samhandling, som for eksempel samskriving av dokument og møte via Google Hangout. Konkrete tidstjuvar som vert fjerna med dette er dokument som vert sende fram og tilbake mellom medarbeidarar, for redigering, og effektivisering av møte fordi ein unngår møtereiser. Status: Under arbeid.

### 5.3.2 Auking av talet på lærlingar i statsforvaltinga

MET, NUPI, VOX og Lånekassen har samarbeidd om opplæring av to lærlingar innanfor kontorfacet sidan 1. september 2014, og dette har vore vidareført gjennom heile 2015. Dette er ein ny måte å organisere lærlingordninga på, som vi først kan evaluere fullt ut når dette første kullet slutfører med fagbrev sommaren 2016. Vi vurderte likevel samarbeidet som såpass vellukka at vi i fellesskap har teke inn ein ny lærling frå hausten 2015. Våren 2016 vil vi i tillegg rekruttere ytterlegare ein lærling, med tanke på oppstart hausten 2016. Frå det tidspunktet kjem

NUPI til å gå ut av samarbeidet (dei tek inn ein eigen lærling), slik at med ei samarbeidsverksemd mindre blir dette i realiteten ein auke frå 2014.

Det er Enhet for økonomi som har hovudansvaret for lærlingane på MET, og økonomi/rekneskap som hittil har vore vårt hovudansvar.

### 5.3.3 Brukarorientering

Meteorologisk institutt vart den best omtytte statsetaten i Noreg for 10. år på rad i 2015, i følge IPSOS-MMI si måling. Dette kan tolkast som om MET leverer rette tenester til rett tid, i ei form som publikum ynskjer og forstår. Utviklinga av vêrtenestene Yr og Halo foregår i nært samarbeid med brukarane, og det er etablert ordningar der tilbakemeldingar vert sløyfa tilbake til dei som driv utvikling av tenestene. På denne bakgrunnen har Halo m.a. betra hjelpetekstar, og starta på spesifiseringa og prosjekteringa for Halo tilpassa mobile plattformer. Yr arbeider med ein ny versjon der utviklinga har teke utgangspunkt i at sidene skal vere lett tilgjengelege frå mobil. Utviklinga har vore ope i form av ein beta-yr-versjon, der brukarar heile tida kan teste og gi tilbakemeldingar.

### 5.3.4 Samfunnstryggleik og beredskap

#### **Risikovurdering for MET**

Overordna risikovurdering for MET vart gjennomført i løpet av hausten 2015 og oversendt departementet i desember. Risikoreduserande tiltak for til saman åtte hendingar er skildra i denne rapporten og kan finnast att i dei overordna og divisjonsvise verksemdplanane for 2016.

#### **Øvinga vart gjennomført i november og evaluert i desember**

Den årlege kriseøvinga vart halde for kriseleiinga og krisestaben i november 2015 og er ei vidareutvikling frå øvinga i 2014. Scenariet for øvinga var ei uynskt, villa handling, som råka verksemda sine kritiske leveransar.

#### **SSIS**

Arbeidet med styringssystem for informasjonstryggleik (SSIS) nyttar same metodikk som skildra i den vedtekte handboka for internkontroll og er innført som ein del av MET sitt styringssystem elles.

#### **Styrking av risikostyrings-, tryggleiks- og det beredskapsfaglege miljøet**

I samband med omorganiseringsprosessen har risikostyringsarbeidet blitt vesentleg styrka. Frå 1.1.2016 vart to interne stillingar overførte til direktøren sin stab, som del av Sikkerhet og Beredskap (SoB). Dette omfattar risikostyring, kvalitetssikring og internkontroll, tryggleik, beredskap og øvingar.

### 5.3.5 Risikovurdering

Sannsynlegheit og konsekvens for aktuelle hendingar som kan påverke MET si måloppnåing er systematisk vurdert av instituttet si øvste leiing. På dette grunnlaget er risikoreduserande tiltak sette i verk. Som følge av ein stram budsjettsituasjon må risikoreduserande tiltak heile tida vurderast opp mot tiltak som betrar kvaliteten på varslinga. Dette er vanskelege avvegingar, som omfattar store og viktige delar av verksemda. Risikovurderingane er dermed ein naturleg og integrert del av leiingsprosessane ved instituttet. Det vert arbeidd vidare med å finne rett nivå på omfanget og detaljeringsgraden for risikovurderingane, slik at ressursbruken for desse

vurderingane står i eit rimeleg forhold til dei ressursane som er direkte retta mot instituttet si måloppnåing.

Risikovurderingane viser at det er tre hendingar som peikar seg ut når det gjeld å kunne hindre instituttet si måloppnåing: Gjennomgåande mangel på nøkkelkompetanse, langvarig (>3 timar) svikt i tekniske system, og forseinking i utbygginga av vêrradarnettverket.

I den omstillings- og nedbemanningsprosessen som enno pågår på instituttet, er det krevande å sørge for at vi ikkje manglar nøkkelkompetanse. Innanfor tekniske tenester vert fleire kritiske funksjonar drifta i team, slik at nøkkelkompetansen etter kvart ligg hos fleire personar. Det vert også lagt vekt på eit godt arbeidsmiljø, med ein vesentleg individuell fridom, i den grad statens regelverk gir høve til dette. I samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar blir også lønspolitikken til ein viss grad brukt som eit middel til å behalde eller rekruttere sentral kompetanse.

Når det gjeld å hindre langvarig svikt i tekniske system, vert oppdaterte verdi- og sårbarheitsvurderingar nytta, som grunnlag for ei systematisk betring av redundansen i IT-systema.

Utbygging av vêrradarnettverket er i all hovudsak eit spørsmål om tilstrekkelege løyvingar. Det eksisterande vêrradarnettet har også nådd ein alder der radarane må oppgraderast vesentleg for å unngå hyppig driftsstans. Dette betyr at instituttet treng ei fast auking av den normale budsjettamma for å kunne oppgradere eksisterande radarar, og i tillegg ei årleg løyving utover budsjettamma for å fullføre radarutbygginga slik at nettet dekker heile landet. Skulle instituttet ikkje få ekstraløyving til å fullføre radarutbygginga, må dei tilgjengelege ressursane brukast til å oppgradere eksisterande radarar. Dette må kommuniserast klart og konsist til KD i instituttet sitt budsjettforslag, og på andre måtar.

